

Folket i Sjøvangen frå 1600- talet

Kjelde: Gards- og ættesoga for Eid og Fjelberg

Henrik Haraldson (?) g.m. Sissel Gjertsdotter (?) Begge døydde på 1600-talet
Vi veit om 3 barn, Jon, Harald og Malene


Harald Henrikson (d. 1698) g.m. Sigrid Eriksdotter (d. 1735)
Dei fekk 2 born. Sigrid vart så oppattgift med Nils Olsson, så nedanfor.

Sigrid Eriksdotter (d. 1735) g.m. Nils Olsson (1673 – 1741)
Dei fekk 2 born, Knut og Brita. Nils vart oppattgift med Guro Larsdotter og fekk 1 barn med henne, Helga, same året som han døydde.

Knut Nilsson (1713 – 1784) g.m. Ingeborg Steffensdotter (1722 – 1756)
Knut var gift 5 gonger, dette var 2. kona. Til saman hadde han 7 born og var enkjemann då han døydde.

Steffen Knutsson (1744 – 1807) g.m. Guri Haldorsdotter Hillestad (1761 – 1844)
Steffen og Guri fekk 10 born. Den fyrstefødde, Ingeborg, vart berre 1 år gamal. Seinare døydde dei 3 yngste 11., 12. og 13. mars 1803. Dei var då 7, 5 og 1 år gamle.

Peder Knutsson (1816 -) g.m. Margrete Amundsdotter (1819 – 1904)
Dei hadde 2 born, Kristine (f.1940) og Knut (f.1942, d. liten)



Knut Steffenson (1784 – 1849) g.m. Kristi Pedersdotter Nes (1781 – 1830)
Knut og Kristi fekk 7 born. Ikke alle vaks opp. Knut gifta seg oppatt i 1832 med Kristine Olsdotter. Knut Steffenson døydde av kolera i 1849, etter å ha blitt smitta under epidemien som braut ut under vintersidfisket på Espevær. Her var fleire tusen fiskarar samla, under svært kummerlege tilhøve, særleg med omsyn til mat, vatn og reinsemd.

Kristine Pedersdotter (1840 – 1912) + Lars Osmundsson (1837 – 1892)
Lars Osmundson kom frå Kaldheim i Etne og budde fyrst i Toftekalven.

Born:

- Magrete Sjøvangen (Geta) (1865 -)
- Anne Magrete (f. 1867, død liten)
- Knut Sjøvangen (f. 1869, til USA)
- (Osmund) Johan Sjøvangen (1871 – 1961) g.m. Kari Persdotter Bjørgen.
- Peder (Per) Sjøvangen (1873 – 1938) g.m. Olava Landa (1889 – 1974)
- Anna Magrete (f. 1875 -) g.m. Ola Sandvoll
- Lars (f. 1877, til USA)
- Laura Kristine (f. 1885, til USA)

Det er såleis oldefar til Peder og Johan Sjøvangen, som kanskje nokre av våre eldre lesarar hugsar, som er gravlagt på Kolerakyrkjegarden i Svortevik. Johan fortalde at mor hans, Kristine Pedersdotter, hugsa vel frå gravferda. Ho var 9 år gamal då bestefaren vart boren til gravplassen i Svortevik.

”Dei som bar kista gjekk med faklar framføre andletet og hadde tørkle for munnen.
Somme gjekk og brende brakebuskar og pusta i røyken”
(Muntleg kjelde: Alf Hillestad)